

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 18.05.2020  
**SAKSHANDSAMAR:** Helge Robert Midtbø/ Renate Kvamme  
**SAKA GJELD:** **Sal av Søsterbustadane på Tronvik**

**ARKIVSAK:** 2020/4726

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
28.05.2020

**STYRESAK:**  
031/2020

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Førde HF vedtek sal av Myrane 7a-f, Tronvik, gbnr. 4638-48/14 i tråd med Administrerende direktørs forslag.
2. Saka vert sendt til Helse Vest RHF for vidare handsaming.


## Oppsummering

Administrerende direktør tilrår at Helse Førde HF legg Søsterbustadane på Tronvik ut for sal på den opne marknaden.

## Fakta

4638-48/14: Myrane 7a-7f; «Søsterbustadane»:

Søsterbustadane er eit vertikaldelt rekkehus frå 1971, med 6 stk. to-roms leilegheiter på om lag 50 m<sup>2</sup> kvar. Rekkehuset står på eiga tomt med eit areal på om lag 2 583 m<sup>2</sup>. Rekkehuset ligg i ytterkant av eit etablert bustadfelt, og er på motsett side av Kyrkjebøvegen og i høve hovudbygningane som er knytt til psykiatrisk klinikk avd. Tronvik (raud pil). Eit sal vil ikkje påverke drifta eller utviklinga av Tronvik som institusjon.



Takst frå 11.02.19 seier ein marknadspris på 2,9 mill. kroner. Teknisk verdi er 4,05 mill. kroner. Det er lite endringar i eigedomsmarknaden eller tilstanden til bygget, så taksten er

ikkje oppdatert verken med pris, eller endringar i gards- og bruksnummer som følge av kommunereforma.

Søsterbustadane sine seks einingar vert brukt til tilsette som treng ein meir permanent stad å bu. Per mai 2020 er tre av bueining utleigd, der ein bur permanent og to er til og frå. Tre bueiningar står ledige.

Leilegheitene har i stor grad standard frå byggeår og er naturleg prega av alderen i følge takst. Bygga har hatt normalt vedlikehald, men dei fleste overflater og tekniske anlegg har nådd forventa brukstid og ein må etterkvart forvente utskifting og oppgradering av alle flater. Skal ein få bygget opp til standard som nybygg vil det i følge takst komme på om lag 3,8 mill. kroner. Taket er det som har første prioritet i følge teknisk drift på Tronvik. Det er per i dag ikkje sett av budsjettmidlar til å oppgradere bygget verken innvendig eller utvendig, utover lett vedlikehald.

## **Kommentarar**

På Tronvik har ein også «Funksjonæren» med 15 hyblar og 1 lita leilegheit, «Hybelhuset» med 9 hyblar og «Rekkjehuset» med 3 leilegheiter. Funksjonæren og Hybelhuset er overnattingstilbod med enkel standard som vert nytta til ferievikarar, studentar, og helgependlarar med behov for sporadiske overnatting. Hybelhuset vert nytta om sommaren ved behov. I «Rekkjehuset» er ei leilegheit utleigd, ei er fullt møblert og står klar for innleigelegar, og ei står ledig.

Tronvik har med andre ord god kapasitet på bustadar til tilsette, men dei er fordelt på mange bygg, har lav utnyttingsgrad, og dei byrjar også å få eit omfattandes vedlikehald- og oppgraderingsbehov. Målet med sal av Søsterbustadane er å redusere tal bygg og vedlikehaldskostnaden for Helse Førde, samt nytte bygga som er att betre.

## **Konklusjon**

Administrerande direktør tilrår at Helse Førde HF sel Myrane 7a-f, gards- og bruksnummer 4638-48/14, Tronvik, Høyanger kommune i løpet av 2020.

Eigedommen vert å legge ut for sal på den opne marknaden via eigedomsmeklar.

### Vedlegg:

1. Verditakst: 1416-48/39, Myrane 7a-7f